

## Granvin herad Sakspapir

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Sbh</b>
Formannskapet	23.10.2012	069/12	EDM

<b>Sakshandsamar:</b> Ebbe Dam Meinild	<b>Arkivkode:</b> K2-L12	<b>Arkivsaknr:</b> 11/377-30
---	-----------------------------	---------------------------------

### Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan Kjerlandskrysset

Vedtaksmynde: Formannskapet

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
26	U	11.04.2012	Roald Sletten / Statens Vegvesen	Oversendingsbrev - Merknader til oppstart av detaljreguleringsplan Kjerlandskrysset - utviding av planområde
27	I	13.05.2012	Advokatfirmaet Harris	Kjerlandskrysset
28	U	30.05.2012	Ivar Kjerland; Roald Sletten / Statens Vegvesen; Advokatfirma Harris	Referat frå møte 30.05.12 ang. detaljreguleringsplan Kjerlandskrysset
31	U	24.09.2012	Lars Øyvind Birkenes	Plassering av massar ved Kjerlandskrysset
29	I	09.10.2012	Statens vegvesen	Fv.7 Kjerlandskrysset. Forslag til justert reguleringsplan

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Plan og bygningslova

Bakgrunnsmateriale slik som t.d. planhefte, føresegner og kart ligg tilgjengeleg på [www.granvin.kommune.no](http://www.granvin.kommune.no) under fana "planar" og deretter "planar under arbeid"

Vedlegg: planhefte m. føresegner og omtale, plankart

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12 -10, vedtek Granvin formannskap å leggja detaljreguleringsplan for Kjerlandskrysset X rv13/fv 7, jf planomtale, kart og føresegner datert oktober 2012, ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med merknader til framlegget vert sett til 20.11.12.

## 23.10.2012 Formannskapet

### FS-069/12 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke:

I medhald av plan- og bygningslova § 12 -10, vedtek Granvin formannskap å leggja detaljreguleringsplan for Kjerlandskrysset X rv13/fv 7, jf planomtale, kart og føresegner datert oktober 2012, ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med merknader til framlegget vert sett til 20.11.12.

### **FAKTA:**

#### Bakgrunn

Reguleringsplanen gjeld justering av Kjerlandskrysset, X rv 13/fv 7. Krysset har i dag dårlege stigningsforhold for fv 7 inn mot krysset. Det medfører at tunge køyretøy treng tid for å koma opp i fart, noko som kan føra til farlege trafikksituasjonar. Linjepålegget for fv 7 vert heva samt at busslommer langs rv 13 vert fjerna. Det skal opparbeidast bussterminal meir sentralt i Granvin kor alle bussruter vil køyra innom. Når ein fjernar busslommene langs rv 13 i krysområdet, legg det til rette for at krysset kan utformast som fullkanalisert T-kryss og noverande kryss kan supplerast med retardasjons- og akselerasjonsfelt slik at trafikkavviklinga kan utførast på ein tryggare måte.

#### Føremål

Ei standarheving for å sikra ei tryggare trafikkavvikling i krysset.

#### Planavgrensing

Planområdet ligg rundt Kjerlandskrysset, følgjar vegen langs rv13 i begge retningar, fv 7 til Hyrpo og vegen ned utfor Tueteigen Barnehage. Sjå vedlagte plankart.

#### Relevante planar

I kommuneplanens arealdel 2009-2019 er områda regulert til vegføremål. Arealdisponeringa er i hovudsak samsvar med føremålet. Det går med om lag 1,5 daa nytt areal, det meste dyrka mark/LNF, som då vil bli regulert til vegføremål.

Busslommer på rv 13 er i planen tatt vekk da ein reknar med at busshaldeplassen i sentrum (mellom Joker og Yrkesskulen) realiserast. Dette regulerast no i detaljreg.plan "Sentrumsplan Tråena". Ein kan merke seg at arealet ved sida av Kjerlandskrysset var regulert til terminal og næringsføremål i arealplanen med tanke på lokalisering av busshaldeplass, men at ein etter ønskje frå SVV har forsøkt å lokalisere haldeplassen nærmare sentrum.

#### Innhald i planen

Krysset har stor stigning for fv 7 inn mot krysset, noko som gjer at tunge køyretøy brukar lang tid for å koma opp i fart. Dessutan skal det etablerast bussterminal meir sentralt i Granvin som alle bussruter skal køyra innom. Det gjer at busslommer langs rv 13 i krysområdet kan

fjernast. Det fører til at krysset kan fullkanaliserast med retardasjons- og akselerasjonsfelt. Desse tiltaka vil føra til ei sikrere trafikkavvikling i krysset.

Det er regulert inn mellombelse rigg- og anleggsområde som bestemmelsessonar oppå landbruksføremål på eine side av krysset. Desse skal sikre mellombelse omkøyringsvegar, anleggsvegar, lagerplass for materiell, maskinar og brakker under anleggsarbeidet.

### Masseplassering

Asfaltdekke og steinmassar skal fjernast og arealet tilpassast terrengformene på staden. Alle grøfter og vegskråningar, sideareal, rabatt og eventuelle massedepot, skal ved anleggslutt formgjevast med naturlege overgangar til terrenget omkring og tilsåast. Endeleg utforming og tiltak for revegerering skal planleggjast som ein del av byggeplanen. Tiltaket treng eit mindre massetilskot som forventast tilført frå andre vegprosjekt i området.

### Organisering

SVV er tiltakshavar. Plan Vest og SVV er planleggjar.

### Saksgang

- Statens vegvesen varsla sjølv oppstart av planarbeidet i brev dagsett 29.06.11. Frist for merknader vart sett til 1. september 2011.
- Det kom inn to skriftlege merknader til oppstartsmeldinga
- I brev dagsett 19.10.11 ber STV om at planomtale, kart og føresegner leggjast ut på offentleg ettersyn.
- 24.11.2011 Formannskapet leggjar planen ut på høyring med følgjande tillegg: Granvin herad ber om at planområdet vert utvida til å omfatta kryssing mellom Fv7 og gamle jernbanetraséen.
- Det kom inn 3 merknader, sjå meir under vurdering.
- Januar 2012: Møte med SVV Kvammapakken og Voss om Kjerlandskrysset og bussterminalen. Konklusjonen er eit utvida planområde for Kjerlandskrysset som inkluderar rasteplass på areal for terminalområde i komm.plan. I tillegg utvidast området mot Hyrpo for å etterkomme ønskje frå FS i vedtak av 24.11.11.
- 10.02.12: Møte m. Skyss, SVV om busshaldeplasser i krysset og utforming av terminal.
- 14.02.12. Oppstartsvarsel om utvida planområde.
- Det kom inn 6 merknader til dette, sjå meir under vurdering.
- Våren 2012: Møter og synfaring med grunneigar Ivar Kjerland
- Sommar 2012: Grunnboringar m borerigg på terminal-område ved Tueteigen
- 24.09.12: Møte m SVV Kvammapakken og Voss. Semje om koordinert framdrift for Kjerlandskrysset og bussterminal.
- 11.11.12: Planframlegg til offentlegg ettersyn oversendast frå SVV til GH.

### **VURDERING:**

Planen vart som nemnt lagt ut til offentleg ettersyn alt i 24.11.2011. Etter høyringsfristen kom det inn 3 merknader. 14.02.12 vart det sendt ut oppstartsmelding om utvida planområde. Etter fristen knytt til dette var det kome 6 merknader. Totalt 9 merknader.

1. Hordaland Fylkeskommune,05.12.12: Nemnar kulturminne på Kollanes, men meiner ikkje området har potensial for funn og ønskjer pt ikkje å krevja arkeologiske registreringar. Oppmodar til å ta vare på kulturlandskap mm. under anleggsfasen.  
*Administrasjonen si kommentar:* sjå merknad av 29.02.12
2. NVE.13.12.11: Ingen merknader til framlegget.
3. Statens Vegvesen,31.01.12: Visar til avtalte møter der dei vil kome med konkrete merknader.

#### Utvida planområde:

4. Advokatfirmaet Harris,160312: Skriv på vegne av grunneigar på Gnr. 118 Bnr. 4 og 6, Ivar Kjerland. Visar til historikk rundt arealet i kommuneplanen. Kjerland har ønskje om at næringsinteressa til ham/Gardsbutikken vert tekne omsyn til i planen. Han ønskjer seg ein kombinasjon av næring og rasteplass mm. Det er og viktig med tilkomst til attverande jordbruksareal.  
*Administrasjonen si kommentar:* Me er samde med grunneigar i at rasteplassarealet bør sjåast i samanheng med næringsinteresser i området. Me har hatt møter med grunneigar og planleggjar for å formidle kva ønskjer partane har. Dette er noko me vil fortsette med gjennom heile prosjektet.
5. Fylkesmannen i Hordaland,230212: Ingen merknader.
6. Granvin Fiskarlag,010312: Ønskjer ein sti som forsettar langs elva der sykkelstien per i dag går opp til vegnivå ved Tueteigen.  
*Administrasjonen si kommentar:* Det ligg ikkje inne i framlegget grunna plassmangel på skråninga. Eksisterande sykkelveg vert verande slik at dagens tilbod ikkje vert forringa.
7. Hordaland Fylkeskommune,290212: Grunna utvida område vert det varsla om arkeologiske registreringar. Kostnadsframlegg lagt ved.  
*Administrasjonen si kommentar:* Grunna ein misforståing mlm administrasjonen og SVV vart ikkje kostnadsframlegget godkjent formelt. Fylkeskomm. har difor ikkje satt opp området for registrering denne haust, noko som evt. kan forsinka prosessen. Etter opplysningar frå grunneigar har arealet vore omdisponert og planert fleire gonger og det spørst om areal er aktuelt for registrering i det heile. SVV er i dialog med fylkeskomm. om dette.
8. NVE,170212: Ingen merknader.
9. Statens vegvesen,150212: Meiner at tilkomst til rasteplassareal må skje frå kommunal veg (til Tueteigen) og ikkje frå rv13 eller fv7. Meiner kryssing av sykkelsti over fv7 frå gl. Jernbane vil verte for uoversiktleg.  
*Administrasjonen si kommentar:* Begge desse moment er innarbeida i framlegget.

#### Generell kommentar

Grunna forskjellige endringar undervegs har ikkje denne planen hatt den framdrift som kunne vore ønskjeleg omfanget tatt i betraktning. Målet om ferdigstilling i samband med Hardangerbrua står likevel fast. Administrasjonen meiner at det var klokt å utvide området og med dette få inn ein rasteplass. Kjerlandskrysset er innfallsport til Hardanger og Kvam og slik sett eit viktig knutepunkt for regionen. Det vert betre ivareteke no. Samband med bør ein god løysing med eksisterande næringsliv i området vera ein vinn/vinn-situasjon.

Me er og nøgde med samkøyringa mellom Kjerlandskrysset og Bussterminalen. Begge prosjekt har Hardangerbrua som mål og det er ein føremon å få dei i ein samla pakke. I samband med desse to prosjekt ser me skilting som ein viktig ting å få på plass. Gjerne som ein koordinert plan for heile Granvin. Dette vert jobba vidare med i ein eigen sak.

Framlegget har vore ute til høyring ein gong før og me går difor ut ifrå at storleiken av planen er tilpassa dei innspel som har kome undervegs.

### **Konklusjon**

Me meiner plan tilfredsstillar dei innspel som har kome inn frå politikarane i Granvin og frå grunneigarar og faglege instansar. Me anbefalar difor å leggje planen ut på offentleg ettersyn.